

Norges Bygdekvinnelag

Arbeidsplan | Nynorsk | 2027-2028



Foto: Anne Rakel Haaland, Mirakelfoto

Visste du at

*Norges Bygdekvinnelag
har status som
rådgivende organisasjon
for UNSCO innen norsk
tradisjonsmat.*

Foto: Anders Henriksen

*Det betyr at
Bygdekvinnenes
kunnskap om
mattradisjoner, og
arbeidet som blir
gjort for å ta vare
på matkultur, blir
sett og anerkjent.*





Foto: Astrid Selme



**Vi gjør et viktig
arbeid med å ta
vare på matkultur
som immateriell
kulturarv.**

**Det er virkelig noe
å være stolt av!**





Norges Bygdekvinnelags arbeidsplan for 2027-2028

Norges Bygdekvinnelag er ein landsomfattande organisasjon med 11 000 medlemmar, 400 lokallag, 17 fylkeslag og eit nasjonalt sentrallidd. Vi har mange aktive og sterke lokallag i heile landet. Vi arbeider for å skape fellesskap og møteplassar som gir oss levande og inkluderande lokalsamfunn. Vi tek vare på og vidarefører tradisjonsmat og er pådrivarar for norsk matproduksjon. Miljø og berekraft er ein viktig del av arbeidet vårt.

Bygdekvinnelagets sin arbeidsplan er vedteken på landsmøtet og gjeld for heile organisasjonen. Arbeidsplanen gir tips, idear og føringar for lokallag, distriktslag og sentrallidd når aktivitetar og årsplanar blir lagt. Ingen lag kan gjere alt, og aktivitetene må tilpassast lokale ynskje og behov. Saman er vi alle med på å nå dei overordna måla for ein livskraftig og attraktiv organisasjon.

Bygdekvinnelaget – For fellesskap, kunnskap og inkludering

STYRKANE VÅRE — IDENTITETEN VÅR

1. Vi har aktive frivillige og sterke lokallag i heile landet.
2. Vi er eit samlingspunkt og står for trygge, opne og inkluderande fellesskap.
3. Vi er ein inspirator og pådrivar for likeverd, likestilling, mangfald og helsefremmande og aktive lokalmiljø.
4. Vi er tradisjonsberarar og ekspertar på praktisk matkunnskap, vidarefører tradisjonar og skaper nye.
5. Vi formidlar kor viktig det er med norsk matproduksjon og matkunnskap for matsikkerheit og førebygging av matsvinn.
6. Vi arbeider for levande bygder, kulturlandskap og ei berekraftig forvaltning av ressursane på jorda.
7. Vi er rause overfor kvarandre.
8. Vi viser internasjonal kvinnesolidaritet.
9. Vi tør å satse og får ting gjort.
10. Vi er ein beredskapsorganisasjon.

FORMÅLET VÅRT

Norges Bygdekvinnelag arbeider for levande og inkluderande lokalsamfunn. Vi er partipolitisk uavhengige. Vi er ein pådriver for norsk matproduksjon, likeverd, demokrati og mangfald. Vi styrker kvinner gjennom nettverk, kunnskapsdeling og praktiske aktivitetar med respekt for vår felles kulturarv og med blick mot framtida.

MÅL


Arbeidsplanen bygger på dei fire overordna måla som er i strategien:

Vi gjer ein forskjell i lokalsamfunnet

Vi blir høyrte og sett

Vi opnar og inkluderer

Vi er ein sterk organisasjon




Vi gjer ein forskjell i lokalsamfunnet

Bygdekvinnelaget er ein samfunnsaktør som skaper attraktive møteplassar og engasjerer seg i lokale samfunnsspørsmål. Vi ber tradisjonar vidare, samstundes som vi tenker nytt og ser kor viktig det er å samarbeide med andre organisasjonar.

Strategisk grep

1. Alle lokallag har meir aktivitet, til nytte for laget og lokalmiljøet
2. Utnytte styrken i fellesskapet og samarbeide om felles mål



Tiltak

LOKALLAGA:

- har aktivitetar som når ut til menneske med ulike alder, bakgrunn og interesser
- har aktivitetar saman med andre organisasjonar, kommunen og aktørar i bygda
- samarbeider med bygdekvinnelag i nærområdet
- samarbeider med lag og foreiningar for å utveksle erfaring og kompetanse
- deltek i nasjonale prosjekt

DISTRIKTSLAGA:

- har jamn i kontakt med lokallaga og motiverer til aktivitet og engasjement
- har samlingar, kurs og organisasjonsopplæring for lokallaga
- tek initiativ til å søke prosjektmidlar til distriktslaget og lokallaga
- tilpassar og aktualiserer informasjon frå Norges Bygdekvinnelag til eige distrikt

NORGES BYGDEKVINNELAG:

- søker prosjektmidlar til felles satsingar/prosjekt i organisasjonen
- gir ut medlemsbladet Bygdekvinner to gongar i året
- sender ut lokallagssending med informasjon om nyhende og aktivitetar i organisasjonen
- kårar «Årets lokallag» for å synleggjere aktiviteten i lokallaga
- deler ut Bygdekvinneprisen kvart andre år – utdeling i 2027
- arrangerer inspirasjonsseminar for medlemmane i 2027

Inspirasjon og tips

KVA MED AT LOKALLAGET:

- har kurs i å lage hermetiske kjøttkaker
- inviterer familier til felles blåbærtur
- inviterer andre bygdekvinnelag til å oppleve bygda
- arrangerer overnattingstur i lokale DNT-hytter saman med DNT
- har seterbesøk med aktivitetar

Tradisjonsmatkurs og kunnskap om lokale matressursar er viktig for beredskap, identitet og kjensla av å høyre til i lokalsamfunnet.

Se

www.bygdekvinnelaget.no/organisasjonsbiblioteket

- Ville vekster — Matoppskrifter
- Ville vekster — Aktivitetshefte
- Spis bygg — oppskriftshefte
- Bygda i bevegelse — Turmathefte
- Tradisjonsmatskolens veiledningsbok

www.norsktradisjonsmat.no




Norges Bygdekvinnelag vart i 2018 akkreditert som ein rådgjevande organisasjon for UNESCO innan mattradisjonar frå Norge. Gjennom lokale lag er bygdekvinnene tradisjonsberarar som tek vare på og overfører kunnskap om mattradisjonar til nye generasjonar.

Vi blir sett og høyr

Vi er synlege gjennom aktivitetar som er tilgjengeleg for alle. Vi er synleg og tydeleg for dei som tek avgjerder både lokalt, regionalt, nasjonalt og globalt. Vi er også synlege i samarbeid med andre organisasjonar. Vi aukar eiga bevisstheit, rolle og påverknad som samfunnsaktør og forbrukarorganisasjon.

Strategisk grep

1. Auke talet på lokallag som brukar eiga nettside, vere synleg i dei lokale media og til stades i sosiale medium.
2. Invitere andre organisasjonar med på aktivitetar, og takke ja til fleire invitasjonar.
3. Engasjere oss i arbeidet med beredskap lokalt, regionalt og nasjonalt. Lokallaget deltek i det kommunale beredskapsrådet.



Tiltak

LOKALLAGA:

- er synlege med profilering av organisasjonen når bygdekvinnelaget tek del
- brukar eigne nettsider og sosiale medium for å synleggjere aktivitetar
- sender lesarinnlegg frå sentralleddet vidare til lokalavisa
- gjer bygdekvinnelaget sitt engasjementet kjent i kommunen gjennom samarbeid og jamleg kontakt med politikarar og administrasjon
- tek del i kommunen sitt beredskapsråd

DISTRIKTSLAGA:

- samarbeider med andre frivillige lag og organisasjonar
- tek opp organisasjonen sine aktuelle politiske saker på styremøta
- viser fram bygdekvinnelaget i lokale, regionale og nasjonale medium
- motiverer og hjelper lokallaga til å lage eigne nettsider
- synleggjer lokallaga på distriktslaget sine nettsider og i sosiale medium
- motiverer og hjelper lokallaga i arbeidet med beredskap
- tek del i beredskapsrådet i fylket der det høver

NORGES BYGDEKVINNELAG:

- tilbyr nettsidekurs, råd og vegleiing til distriktslag og lokallag
- sender ut forslag til lesarinnlegg knytt til aktuelle tema gjennom året
- inviterer til digitale temamøte
- fremmar organisasjonen sitt politiske standpunkt til nasjonale styresmakter
- brukar kommune- og stortingsval og aksjonar for å markere og få gjennomslag for organisasjonen sine interessepolitiske saker
- er synleg som ein nasjonal beredskapsorganisasjon

Inspirasjon og tips

KVA MED AT LOKALLAGET:

- har opne seminar saman med andre lokale aktørar i bygda med tema som beredskap, kvinnehelse, økonomi og likestilling
- brukar banner, plakatar og bygdekvinnelagets t-skjorter og forkle for å profilere laget
- tek del på kulturminnedagen saman med kommunen og andre lokale aktørar
- brukar politisk plattform for å skrive lesarinnlegg, møter lokalpolitikarar, tek del i debattar og vågar å ha ei meining
- sjekkar ut og finn inspirasjon til aktiviteter frå andre bygdekvinnelag sine sosiale medium
- inviterer til eit møte med kommunen for å vise fram kva bygdekvinnelaget betyr for lokal-samfunnet på område som frivilligheit og lokal beredskap.
- brukar og synleggjer norske møller under norsktradisjonsmat.no

Se

www.bygdekvinnelaget.no

- Tema Beredskap
- Norges Bygdekvinnelags politiske plattform
- Norges Bygdekvinnelags strategi mot 2030




FNs bærekraftsmål nummer 2 har som mål å «utrydde sult, oppnå matsikkerhet, bedre ernæring og fremme bærekraftig landbruk». Verdens matvaredag skal skape oppmerksomhet rundt behovet for å skaffe tilstrekkelig og næringsrik mat til alle. Norges Bygdekvinnelags lokallag har gjennom flere år markert Verdens matvaredag 16. oktober med råvarekampanjer med tema som «Spis norsk bygg» og «Bruk hele dyret».

Vi opnar og inkluderer

Medlemmane speglar mangfaldet i lokalsamfunnet. Dette vert reflektert i spennet av aktivitetar, engasjement og alderssamansetning. Vi er nysgjerrige og søker kunnskap på tvers av alder, bakgrunn og interesseområde. Lokallaga er eit inkluderande fellesskap som det er lett å bli ein del av.

Strategisk grep

1. Tiltrekke oss medlemmar med breitt spenn i alder og bakgrunn
2. Tillitsvalte skal representere variasjonen i medlemsmassen
3. Vi har opne aktivitetar og tilbod med låg terskel for å delta



Tiltak

LOKALLAGA:

- inviterer til opne og inkluderande aktivitetar
- informerer om laget og grunnar til å bli medlem
- har opne lågterskelaktivitetar – og tilbod under Bygdekvinneveka
- har opne lågterskelaktivitetar – og tilbod i vervekeane 5, 6 og 7
- har varierte aktivitetar – og er opne for nye idear og forslag
- viser mangfaldet i all kommunikasjon
- har ein person med ansvar for inkludering og mangfald i lokallagsstyret
- samarbeider med kommunen og andre lokale aktørar om inkludering

DISTRIKTSLAGA:

- motiverer lokallaga til å vere med på aktivitetar under Bygdekvinneveka og i vervekeane
- markerer Bygdekvinneveka og vervekeane
- viser mangfaldet i all kommunikasjon
- har ein person i styret med ansvar for arbeidet med inkludering og mangfald
- utarbeider årleg plan for verving og rekruttering

NORGES BYGDEKVINNELAG:

- viser mangfaldet i all kommunikasjon
- lagar vervemateriell
- lagar strategi for medlemsutvikling og rekruttering

Inspirasjon og tips

KVA MED AT LOKALLAGA:

- inviterer til gåtur på gamle historiske stier saman med historielaget
- har sy- og strikkekurs på biblioteket
- inviterer til kurs i takkebakst fra heile verda
- har opne temamøte og koplar saman fleire tema, som «mattradisjonar og berekraft», «mattradisjonar og beredskap» og «mattradisjonar og inkludering»
- arrangerer skattejakt i naturen under Bygdekvinneveka
- har tur til våtmarksområde for å sjå på dyre- og plantelivet

Norges Bygdekvinnelag støtter kvinner og lokalsamfunn i Guatemala i deira kamp for eit betre liv. Dette blir gjort gjennom å styrke lokal motstandskraft mot klimaendringar, sikre nok og berekraftig matproduksjon og hindre urettferd gjennom utveksling av lokal kultur og tradisjonar. Norges bygdekvinnelag samarbeider med Utviklingsfondet..

SE:

www.bygdekvinnelaget.no

- Veileder Sammen for bygda — mangfold og inkludering
- Vervebrosjyre for Norges Bygdekvinnelag





Vi er ein sterk organisasjon

Vi har lokallag over heile landet og opprettar stadig nye. Vi har tydelege og dyktige medlemmar og tillitsvalte med kunnskap, lyst og evne til fornying og utvikling av organisasjonen. Det er givande, lærerikt og positivt å ta på seg verv.

Strategiske grep

1. Styrke lokallaga og etablere fleire nye. Slå saman lokallag der det er ynskjeleg og formålstenleg.
2. Få med fleire medlemmar og tillitsvalte på organisasjonsopplæringa og styrke samarbeidet på tvers av og i organisasjonen.



Tiltak

LOKALLAGA:

- brukar organisasjonsskulen i opplæringa av tillitsvalte
- brukar medlemsregisteret aktivt
- delegerer oppgåver og let nye medlemmar ta ansvar for saker dei er engasjert i
- har gode rutiner for overlapping og kontinuitet i styrearbeidet
- har ein person i styret med ansvar for beredskapsarbeidet
- arbeider for god økonomi og nyttar seg av momskompensasjonsordninga og Studieforbundet kultur og tradisjon
- ha god dialog og samarbeid med sitt distriktslag

DISTRIKTSLAGA:

- motiverer til oppstart av nye lokallag og hjelper til i arbeidet med samanslåing av lokallag
- har faste rutinar for samtale og oppfølging av det einskilde lokallag minimum to gongar i året
- Inviterer til ein årleg møteplass for lokallaga
- har ein person i styret med ansvar for beredskapsarbeidet
- har god dialog og samarbeider med sentralleddet
- gjennomfører kursa i organisasjonsskulen som distriktsstyret har ansvar for
- tek i bruk vegleiar for distriktslaga si rolle, ansvar og funksjon
- arbeider for å ha god økonomi i laget og nyttar seg av momskompensasjonsordninga og Studieforbundet kultur og tradisjon

NORGES BYGDEKVINNELAG:

- gir økonomisk støtte og hjelp til oppstart av nye lag
- inviterer til opne temamøte
- inviterer tillitsvalte i distriktslaget til digitale møte
- gjennomfører kursa i organisasjonsskulen

Inspirasjon og tips

KVA MED AT LOKALLAGA :

- har organisasjonskurs saman med andre lag og organisasjonar og held kurs for kvarandre
- held kurs i grønnsaksdyrking og beredskapshage
- inviterer eit anna bygdekvinnelag til inspirasjonsutveksling der laga deler sine beste og mest populære aktivitetstips
- inviterer til møte der alle kan ta med ein ven som kan vere interessert i å bli medlem

SE:

www.bygdekvinnelaget.no

- Vegleiar Slik starter du nytt lag
- Kurs og kompetanseheving i Norges Bygdekvinnelag
- Distriktsstyrenes rolle, ansvar og funksjon.
- Veileder Slik gjør du valg nemndsarbeid



Norges Bygdekvinnelag er medlem av Studieforbundet kultur og tradisjon. Det betyr at ditt lag kan sende studieplan til Studieforbundet kultur og tradisjon og få vaksenopplæringsmidlar. Kurset må ha godkjent studieplan, minst fire deltakarar og vare i minst fire timar. Registrer laget ditt i Frivillighetsregisteret. Då kan laget både søke om momskompensasjon og ta del i Norsk Tipping sin grasrotandel. Søk også om midlar hos ulike stiftingar og fond.



Årshjul

Kalender

Januar	lokallagsutsending
Februar	verveke i vekene 5, 6 og 7
April	distriktsleiarsamling
Juni	send inn søknad om momskompensasjon
Juni 2028 -	landsmøte
August	lokallagsutsending og fokus på verving i Bygdekvinneveka
September 2027	kommune- og fylkestingsval
November 2027	inspirasjonsseminar
Desember	innlevering av årsrapportering for lokallaget

Merkedager

8. mars:	Kvinnedagen
25. mars:	Den store vaffeldagen
7. april:	Verdas helsedag
1. juni:	Verdas melkedag
5. juni:	Verdas miljødag
Siste tirsdag i september:	Den norske epledagen
Siste torsdag i september:	Fårikålens festdag
15. oktober:	Den internasjonale bygdekvinne dagen
16. oktober:	Verdas matvaredag
23. oktober:	Grautdagen
25. november:	Den internasjonale dagen for fjerning av vald mot kvinner

Bruk gjerne merkedagane som eit godt høve til å ha aktivitetar knytta opp til aktuelle tema.



Døme på arbeidsplan for lokallag

Alle lokallag og distriktslag lagar egne arbeidsplanar med informasjon om kva dei ynskjer å jobbe med det neste året. Arbeidsplanen er nyttige verktøy for å prioritere oppgåver og aktivitetar, og for at medlemmane blir inkludert i planleggingen til laget. Her er to døme på korleis ein arbeidsplan i eit lokallag kan sjå ut. Fordel ansvar for planlegging og gjennomføring av dei ulike aktivitetane.

Her er to eksempler på hvordan en arbeidsplan i et lokallag kan se ut. Fordel ansvar for planlegging og gjennomføring av de ulike aktivitetene.

Døme 1

JANUAR

Juletreffest for heile bygda. Gang rundt juletreet, sal av årer, kaker og kaffi. Lokallaget deltek på organisasjons-skulen med tema styrearbeid og økonomi i laget i regi av distriktsstyret.

FEBRUAR

Lokallagsmøte. På møtet går vi gjennom lokallagsutsendinga.

Verveaksjon i veke 5–7. Vi inviterer til nybegynnarkurs i fermentering av kål, raudlauk og agurk.

Lokallaget deltek på organisasjonsskolen med tema synlegheit og politikk i regi av Norges Bygdekvinnelag.

MARS

Måneskinstur med bålkos. Vi grillar pølser og har med fermentert raudlauk og agurk. Ta med varm drikke og seteunderlag.

APRIL

Vi har kurs i dyrking av grønsaker i egen hage saman med til dømes Økologisk Norge og hageselskapet. Kursa kan vere opne for alle.

MAI

Digitalt lokallagsmøte
Kurs: Sanking og bruk av tang og tare.
Kr. 100 for medlemmar og kr. 200 for ikkje-medlemmar.

JUNI

Lokallagsmøte.
Blåtur til nabo-bygdekvinnelaget

AUGUST

Bygdekvinneveka. Vi har stand med sal av potetlomper.

Vi inviterer til politisk debatt med tema beredskap: «Er kommunen førebudd på ei krise?».

SEPTEMBER

Vi inviterer til klesbytedag og fiksefest, og feirar Verdas reparasjonsdag 21. september i samarbeid med husflidslaget. Det blir kurs i synleg reparering, nybegynnar strikkkurs og spikkekurs. Vi har aktivitetar tilpassa både barn og vaksne. Overnatting på DNT- hytte. Medlemstur.

OKTOBER

Markering av Verdas matvaredag 16. oktober.
Uhøgtideleg hyggekveld i lavvoen for medlemmar.

NOVEMBER

Lokallagsmøte. Vi inviterer medlemmane til foredrag om Guatemala og Bygdekvinnelaget sitt engasjement for kvinnene sine kår i Guatemala.

DESEMBER

Juleverkstad med kransebinding

Døme 2

JANUAR

Lokallagsmøte. Vi deltek på det opne digitale kaffimøtet i regi av Norges Bygdekvinnelag.

Lokallaget gjennomfører kurs i organisasjonsskolen for eige lag med tema verving.

FEBRUAR

Vi inviterer til ope møte med kveldsmat. På møtet fortel vi om kva vi jobbar med i Bygdekvinnelaget og kva slags aktiviteter du kan vere med på som medlem.

MARS

Temakveld: «Kvinnelege gründerar— korleis få det til?»

Vi markerer kvinnedagen 8. mars saman med biblioteket og frivilligsentralen.

MAI

Lokallaget er med på organisasjonsskolen med tema valnemndsarbeid i regi av distriktstyret.

JUNI

Lokallagsmøte

Stølsfest med rømmegraut og spekemat.

Lokalhistorikar har innlegg om budeiene og livet på stølen.

AUGUST

Bygdekvinneveka 20.–30. august. Vi inviterer til ope arrangement for å bli kjent med bygdekvinnelaget og rekruttere nye medlemmar.

SEPTEMBER

Kurs i salting og tørking av kjøt.

Bygdekvinnelaget har eit arrangement under kulturminnedagane.

Lokallaget er med på organisasjonsskolen med tema årsmøte i lokallaget i regi av distriktstyret.

OKTOBER


Årsmøte i lokallaget

NOVEMBER

Digitalt introduksjonskurs for alle nye tillitsvalte i lokallaget i regi av Norges Bygdekvinnelag.

DESEMBER

Vi inviterer til ein triveleg førjulsdag med takkebakst. Ta julebaksten saman med oss samtidig som du lærer deg takkebakst. Avgrensa tal plassar.





Bygdekvinnelagets etiske køyrereglar

Vi skal respektere kvarandre

Vi skal vere opne og ærlege

Vi skal vise engasjement

Vi skal vere lojale mot avtalar og vedtak

Vi skal skape trivsel, stoltheit og glede